

Bjarne Berge leiar for Sau og geit

26.02.2013



Tidlegare ordførar Bjarne Berge frå Herøysund, som no er sauebonde på heiltid md 100 vinterfora sauer, har overteke som leiar for Kvinnherad Sau og geit etter Berit Dale frå Guddal.

Berge var leiar i valnemnda men hadde ikkje lukkast i å finna nokon til å ta over etter Dale som hadde fråsagt seg. Men etter sterke oppmodingar frå årsmøtet i Uskedalen i kveld tok han på seg vervet.



[Kritisk blik på ulla. Kåre Kristoffersen frå Fatland orienterar](#)

Med seg i styret har han Ingolf Naustvik (kasserar) frå Sunde, Geir Helland (skrivar) frå Husnes, Asbjørn Miljeteig frå Åkra og Olav Hjetland Bringedal frå Uskedalen

Egil Øvstebø frå foreningen sit i fylkesstyret og han rienterte under årsmøtet om prosjektet 'Ny giv i sauehaldet' som går over 3 år og som skal avsluttast i 2015.

Det gjekk fram av årsmeldinga at det no er 55 hovudmedlemmer, 3 husstandsmedlemmer og eitt støttemdlem. No er det mellom 6000 og 7000 sauer i kommunen og talet har vore relativt stabilt ei tid. I oktober var det kåringssjå i Rosendal og 9 bønder hadde verer til kåring. Det vart kåra 36 pluss 16 på dispensasjon.

Kåre Kristoffersen frå Fatland orienterte om ull på årsmøtet og hadde med seg fleire prøver. Her i landet har ein 4,5 millionar kilo ull å ta vare på år om anna. Det betyr at det ikkje må gjerast noko som set ned kvaliteten. Det må tas omsyn til klippetid, klipping, sortering, pakking, lagring, merking og levering.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen